



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Referat årsmøte for Stamnes og Eidsland sokn i Stamnes kyrkje søndag 22. Februar 2026, etter gudstenesta kl 16.00, med påfølgjande kyrjekaffi.

Saksliste:

Sak 1: Opning, godkjenning av innkalling og saksliste
val av ordstyrar og skrivar.

*Det møtte 10 personar inkl soknerådsmedlemmane til årsmøtet.
2 var ikkje frå soknet, alle var over 15 år.*

*Årsmeldinga var lagt ut på Joker Stamnes og på Eidsland for off. ettersyn i
god tid på førehand slik regelene er, for gjennomsyn
og med høve til å gje kommentarar. Ingen merknader er registrert.
Innkalling og sakliste godkjent.
Som ordstyrar vart valt Bjørn Stamnesfet, og som skrivar
Eidrun S. Normann.*

Sak 2: Årsmelding 2025.

Presentasjon av årsmeldinga/ del / delar av årsmeldinga, v/ Bjørn St.
Diskusjon / ordsifte om årsmeldinga.
Eventuell «godkjenning».

*Årsmeldinga vart gjennomgått på storskjerm, v/ordstyrar.
Berre positive kommentarar, det har vore eit aktivt år på alle måtar,
Noko som blir synleggjort med bilete i årsmeldinga.
Ein har ei grei økonomisk stode no, takka vere den årvisse basaren.
Meldinga godkjent.*

Sak 3: Behandling av referatet frå sist årsmøte. Merknader/evt. godkjenning?
(*Spesielt ynskjer me tilbakemelding på sak 4, prikkpkt 2,
gudstenestefrekvens, liturgi, nattverd +++*). Evt opprette saka pånytt?

*Førre års referat vart kjapt gjennomgått utan særlege kommentarar.
Det verka ikkje aktuelt å gå nærare inn på den ovannemnde saka, då det
var så få årsmøtedeltakarar tilstades utanom sjølve soknerådet. Dette er
det naturleg å koma tilbake til ved eit seinare høve.*

Sak 4: Innkomne saker.

- Bli kjend i kyrkja kurs.



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Opplegget er som følger:

- Ein etablerer ei lita plangruppe, gjerne saman med kommunen og NFU, med utgangspunkt i det sams ansvaret som kommunen og kyrkja har for å tilrettelegge for utviklingshemma si trusutøving i sitt eit kyrkjesamfunn.
- Ein legg opp til 4-5 samlingar med tema som:
 - Bli kjend i kyrkjebygget og kva som skjer der.
 - Bli kjend med gudstenesta.
 - Bli kjend med dåp og dei store høgtidene.
 - Bli kjend med vigsel og gravferd.
 - Vi feirar søndags-gudsteneste med kyrkjelyden.
- Alle samlingane vert avslutta med felles kveldsmat.
- Deltakarane får ein perm med bilete frå kvar samling og deltakar-bevis.

Dette kurset er best eigna om alle, eller i alle fall fleire av sokna går saman om opplegg og gjennomføring.

- «Service-gudstenester»

Då det ofte vert sagt, spesielt når nokon av eins nære kjære går bort, at vedkomande heldt på barnetrua si livet ut, er tanken at ein gjennom enkeltgudstenester, kan få «oppfriska» barnetrua, ved at det vert gjort noko «service-arbeid» av denne i eigne gudstenester om temaet. Noko som gjerne då vidareutviklar seg til ei «vaksentru»?.

Vikarprest Roar Petter Strømme innleier og informerer om sakene.

Etter innleiinga / informasjonen, vert det eit ordskifte / diskusjon om dette er noko me skal prøva å få til eller ikkje. Eventuelle forslag om vegen vidare.

Vikarpresten vår, Roar Petter Strømme, orienterte møtelyden om «Bli kjend i kyrkja-kurs» og «Service-gudstenester». Det først nemnde, er tilrettelagte kurskveldar for menneske med kognitive funksjonsnedsetjingar, der ein tek for seg eit tema, gjerne et saman og avsluttar med ei gudsteneste. Ein kan tilby dette / «fanga opp» aktuelle deltakarar alt frå konfirmasjonsalder, der ein kjem i naturleg kontakt med dei som tilbodet kan høva for. Ein ser det slik at dette må vera eit felles tilbud for alle sokna i kommunen, då tilhøva her er mindre enn i større sokn. For å starta opp med dette, treng medhjelparar og leiarar å verta kursa sjølve for å verta trygge i oppgåva. Ein oppfatta berre positive kommentarar og nikk frå møtelyden, ingen hadde uttalte motkommentarar.

Service-gudstenester er temagudstenester der ein på ein måte utfører «service» på barnetrua, eller det ein lærte som konfirmant og tidlegare tidlegare i livet. Møtet tok ikkje direkte stilling til om dette er aktuelt i vårt sokn, men mogleg det kan oppfattast på same måte som punktet ovanfor, at dette må vera eit samarbeid mellom fleire sokn. Det er verdfullt å få impulsar til «nyskapingar» i dei kyrkjelege aktivitetane våre, og tips frå andre sokn, særleg det som kan involvera fleire grupper enn tradisjonelle kyrkjegjengarar. Takk til Roar!

- Betre skjerming av flom-lyset (utelyset) mot naboar, parkeringsområde og veg.



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Flom-lyset ved kyrkja vil me prøva å få gjort noko med. Det skal ikkje vera til ulempe for naboar og bygda, dette som var tenkt å vera ein positiv ting og lysa opp og gje merksemd til den fine kyrkja vår. Ein har gjort freistnad på skjerming, utan at det til no har vore fullgode løysingar.

Sak 5: Soknerådet sine planar / oppgåver for 2026
v/Soknerådsmedlemmane, stikkordsliste:

- Få «produsert» ein kors med maritimt tilsnitt av f.eks forskjellige sjømansknutar på eit «stativ» / ei stong til seremoniell bruk i kyrkja.

Det er under planlegging og arbeid å laga ein prosesjonskross i tauverk, noko som er eit særleg aktuelt materiale i skute-bygda vår, og frå gammalt av på gardane i nærmiljøet. Symbolikken er fin, å halda fast og halda saman, å verta halden fast av Guds hand.

- Få forslag til /«innspel» på kandidatar / folk å spørja til lista for valet i 2027. (Antar at listeforslag må vera klar våren 2027, og tida går fort).

Ordstyrar nemnde at ein alt no må tenkja konstruktivt fram mot neste soknerådsvalg, og tenkja på personar til liste.

- Få til ei ynskt betring av avskjerminga av flom-lyset, mot parkering / vegen og naboar.
- Kjøpe inn nytt kunstig juletre til Eidsland.
- Demontert og frakta bort gamle-orgelet frå Eidsland.
- Eventuelt andre saker frå årsmøtet?

Desse praktiske tinga er slikt som skal på plass dette året, anten av soknerådsmedlemene eller om naudsynt innleigte folk/fagpersonar.

Stamnes 22.02.2026,

Eidrun Straume Normann, valt skrivar.